

# Småbruk til leie/evt salg, Billingsdalen Skjåk



## Gnr 130 Br.nr. 1

**Småbruket Sagen i Billingsdalen i Skjåk til leige, evt sal. Sagen ligg om lag 20 min kjøring vest for Bismo, nokre hundre meter nord for Heggebotvatnet ned mot Pollvatnet.**

Bruket har innhus, fjøs (dårleg forfatning), stall, uthus og garasje (utan port). Innhuset er frå 1934, restaurert i 1971, og påbygd i 1973. Nyoppussa bad i 2015. I stua er det stor peis. 1.etasje: kjøken, bad, stue, gang og 3 soverom. 2.etasje: 4 soverom. Innlagd strøm og vatn.

Det er inngjerda om lag 3 mål uteområde. Det er omlag 35 mål med dyrka mark, og 8-10 mål anna i tillegg. Området ligg heilt nedtil Pollvatnet. Det er kort veg til fjell og natur med gode jakt- og fiskemoglegheiter. Det er kort avstand til oppkjørde skiløyper. Grotli ligg under 30 min kjøring vestover.

Passer fint for dei som driv med hest eller hund, eller anna næring knytt til natur og friluftsliv. Leiges bort på månadsbasis eller åremål. Leigetakar held innboforsikring, straum og kommunale avgifter. Utleiger held forsikring på hus.

**Kontakt:** Hans Erik Kveum, Telefon 957 06 787 Epost: [eri-kveu@online.no](mailto:eri-kveu@online.no)